

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/54/38

av 27. april 2011

om godkjenning av Tunisia med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av sertifikat

[meld under nummeret K(2011) 2754]

(2011/259/EU) (*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå⁽¹⁾, særleg artikkel 19 nr. 3,

med tilvising til brev av 9. mars 2006 frå dei franske styresmaktene der dei ber om godkjenning av Tunisia for at dei sertifikata som denne staten utferdar, skal kunne godkjennast, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Medlemsstatane kan ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent at den aktuelle tredjestaten oppfyller krava i den internasjonale konvensjonen om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve (STCW-konvensjonen)⁽²⁾.
- 2) Som følgje av oppmodinga frå dei franske styresmaktene har Kommisjonen vurdert systema for maritim utdanning, opplæring og sertifisering i Tunisia med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjort på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i april 2007.
- 3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultatane av vurderinga av samsvaret.
- 4) Ved brev av 28. januar 2009 ba Kommisjonen dei tunisiske styresmaktene om å leggje fram

prov på at dei manglane som vart oppdaga under vurderinga, er handsama på høveleg måte.

- 5) Ved brev av 25. november 2009 la dei tunisiske styresmaktene fram dei opplysningane og prova som det vart bede om med omsyn til gjennomføringa av høvelege og tilstrekkelege korrigierende tiltak for å rette opp alle dei manglane som vart oppdaga under vurderinga av samsvaret.
- 6) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane frå tunisiske styresmakter viser at Tunisia oppfyller dei relevante krava i STCW-konvensjonen samstundes som denne staten har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat, og at Tunisia difor bør godkjennast av Unionen.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Tunisia er godkjend med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av dei sertifikata som denne staten utferdar.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 27. april 2011.

For Kommisjonen

Siim KALLAS

Visepresident

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 110 av 29.4.2011, s. 34, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 112/2012 av 15. juni 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 4.10.2012, s. 35.

⁽¹⁾ TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

⁽²⁾ Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.